

[Eylkesmannen.no](#) > [Verjemål](#) > Framtidsfullmakt

## Framtidsfullmakt

Oppdatert 23.03.2020



Demens og anna alvorleg sjukdom kan gjere at du ein gang i framtida treng hjelp. Dersom du opprettar ei framtidsfullmakt, kan du bestemme at nokon du stolar på, skal ta vare på interessene dine den dagen du ikkje klarer det sjølv.

Framtidsfullmakt eit privatrettsleg alternativ til vanleg verjemål. [Verjemålslova](#) definerer framtidsfullmakt slik:

«En framtidsfullmakt er en fullmakt til én eller flere personer om å representere fullmaktsgivaren etter at fullmaktsgivaren på grunn av sinnslidelse, herunder demens, eller alvorlig svekket helbred ikke lenger er i stand til å ivareta interessene sine innen de områda som omfattes av fullmakten.»

Dersom du vel å opprette ei framtidsfullmakt, er det du som er «fullmaktsgivar». Personen du vel til å ta hand om interessene dine, blir omtala som «fullmektig» eller «framtidsfullmektig». Ordninga er i utgangspunktet gratis og du kan sjølv skrive framtidsfullmakta. Dersom du vel å få hjelp hjå ein advokat, må du betale advokaten for arbeidet.

Vi håpar at denne teksten er til hjelp for deg som ønskjer å opprette ei framtidsfullmakt. Dersom du planlegg å skrive ei framtidsfullmakt, anbefaler vi at du tek deg tid til å lese gjennom heile teksten før du begynner. Deretter kan du bruke lenkene nedanfor til å navigere fram og tilbake i innhaldet. Dei to nedste overskriftene er mest til hjelp for fullmektigen, altså den personen du vel til å ta hand om interessene dine.

### [Innhald og utforming av ei framtidsfullmak](#)

#### [Avgjer kva fullmakta skal regulere](#)

#### [Kva gjer eg etter at fullmakta er oppretta?](#)

#### [Når framtidsfullmakta trer i kraft](#)

#### [Stadfesting av fullmakta](#)

### Kva betyr det at du opprettar ei framtidsfullmakt?

Ei framtidsfullmakt kan heilt eller delvis erstatte [verjemål](#). Ei framtidsfullmakt gjer det til ein viss grad mogleg for deg å bestemme sjølv også etter at du ikkje lenger er i stand til å ta stilling til spørsmål på eigne vegner. Dersom framtidsfullmakta dekkjer behova dine, blir det ikkje nødvendig å utnemne ei verje sjølv om du ein gang i framtida skulle bli så sjuk at du ikkje lenger er i stand til å ta hand om dine eigne interesser.

### Kven kan opprette ei framtidsfullmakt?

Du må ha fylt 18 år og ha evne til å forstå betydninga av fullmakta. Det betyr at du må skrive fullmakta mens du enno har full forståing for innhaldet i fullmakta du gir til ein annan person. Så lenge du har denne forståinga, kan du også trekkje tilbake ei oppretta framtidsfullmakt, eller velje å skrive ei ny framtidsfullmakt.

### Kven kan vere fullmektig?

Ein framtidsfullmektig må ha fylt 18 år på tidspunktet framtidsfullmakta skal brukast, og fullmektigen kan ikkje sjølv ha verje.

**Økonomiske forhold** kan til dømes vere å betale rekningar, handtere løpande inntekter og utgifter, handtere ulike gjeldsforhold, kjøpe og selje verdipapir, opprette eller avslutte bankkontoar, drift eller utleige av fast eigedom eller drift av næringsverksemd.

**Personlege forhold** omfattar i utgangspunktet det å representere deg på alle vis og å sikre at du får dei rettane du har krav på. Du kan til dømes velje kven som skal representere deg overfor Nav, kommune og sjukeheim. Da vil fullmektigen kunne søkje om tenester og ytingar frå det offentlege og klage på vedtak. Personlege forhold kan til dømes vere at du vil du lengst mogleg heime, at du vil ha med bestemte gjenstandar til sjukeheimen eller at det skal brukast pengar på sydenturar eller kulturelle arrangement som du pleier å ha glede av. Fullmakt til å rydde opp i digitale tilgangar vil også vere eit personleg forhold.

Enkelte ønskjer også å bestemme kven som skal reknast som næraste pårørande. Dersom du ønskjer å peike ut kven som skal vere din næraste pårørande, må det gå tydeleg fram i fullmakta. Vedkommande som du peikar ut vil då få rettar som ein nærstående har etter helseovgjevinga. Du kan likevel ikkje gi fullmektigen rettar som vedkommande ikkje ville hatt som nærstående på dette området.

Dersom du ønsker hjelp og rettleiing for å sikre at framtidfullmakta i størst mogleg grad skal dekkje det framtidige hjelpebehovet ditt, anbefaler vi at du tek kontakt med ein advokat. Det er uansett viktig at du sjølv tenkjer gjennom korleis du ønskjer det når du ikkje lenger er i stand til å ta hand om egne interesser. I mange tilfelle ser Fylkesmannen at det oppstår eit større hjelpebehov enn det som er omtala i framtidfullmakta. Du kan sjølvstilt velje å avgrense fullmakta, men det bør i så fall vere et bevisst val.

## Kva bør du passe særleg på når du skriv framtidfullmakt?

### Sal/overdraging av fast eigedom eller andel i burettslag

Dersom framtidfullmakta omfattar sal eller overdraging bør det klart gå fram kva eigedommar fullmektigen kan eller skal selje. Dersom du ønskjer at fullmektigen skal kunne selje til dømes primærbustad, fritidseigedom eller ei tomt, bør det gå tydeleg fram i fullmakta. Tilsvarende gjeld også dersom framtidfullmakta omfattar andre disposisjonar knytt til eigedom, til dømes utleige eller at eigdommen skal kunne overdragast, til dømes til fullmektigen.

Du kan identifisere fast eigedom med gards- og bruksnummer, og eventuelt også seksjons- og festenummer, i tillegg til at du opplyser kva kommune eigdommen ligg i. Andel i burettslag kan du identifisere ved å skrive andelsnummer, namn på burettslaget og organisasjonsnummeret til burettslaget i framtidfullmakta. Det kan også tenkjast at du kjøper ny eigedom i tiden frå du oppretta framtidfullmakta og fram til ho eventuelt trer i kraft. Dersom du trur at det kan skje, kan du skrive at fullmakta skal gjelde også eigedom som du seinare kjøper, arvar eller overtek.

### Spesielt om gåvedisposisjonar

Ofte ønskjer fullmaktsgivar at fullmektigen skal kunne gje vanlege gåver til nærstående, typisk i høve bursdagar og jul. I ein del tilfelle kan det bli uklart kor stor gåva skal vere og kven som skal få gåver. For å unngå tvil bør du skrive tydeleg kva gåva skal vere og kven som skal få slike gåver. Dette er spesielt viktig når fullmektigen skal gje gåver som er litt på sida av det som vert rekna som vanlege gåver.

### Nokre døme på kva du IKKJE kan regulere med ei framtidfullmakt

Ein fullmektig kan ikkje få fullmakt til «å stemme ved valg, inngå ekteskap, erkjenne farskap, samtykke til donasjon av organer, opprette eller tilbakekalle testament eller samtykke til tvang og kompetanse i andre særlig personlige forhold [...] uten særskilt hjemmel i lov», jamfør paragraf 80 tredje ledd i verjemålslova.

### Kva skjer dersom fullmektigen blir inhabil?

Fullmektigen kan i utgangspunktet ikkje ta hand om fullmaktsgivars interesser i spørsmål der fullmektigen er inhabil. Fullmektigen er inhabil dersom vedkommande har, eller kan ha, ei eigeninteresse i saka. Dette gjeld også dersom fullmektigens næraste har, eller kan ha, eigeninteresse i saka. Fullmektigen skal da kontakte Fylkesmannen slik at vi kan oppnemne verje til å ta hand om problemstillinga der fullmektigen er inhabil. Det kan for eksempel vere aktuelt dersom fullmektigen og hans/hennar næraste familie ønskjer å kjøpe eigdommen til fullmaktsgivar. Eit anna døme vil vere utdeling av forskot på arv eller større gåver til fullmektigen og fullmektigens familie.

Dette vil likevel ikkje vere aktuelt dersom du sjølv bestemmer at fullmektigen skal kunne representere deg også når vedkommande har ei interesse i spørsmålet som skal avgjerast. Det må da klart gå fram av framtidfullmakta kva fullmektigen kan gjere på dine vegner, og kva avgrensingar som eventuelt gjeld. Alternativt kan du i framtidfullmakta bestemme at ein annan person skal kunne tre inn og avgjere i slike spørsmål.

Om ikkje noko anna er avtalt eller fastsett i fullmakta, kan fullmektigen dekkje sine nødvendige utgifter av midlane til fullmaktsgivar. Fullmektigen kan, når det er rimeleg, også rekne seg et passende vederlag om ikkje noko anna er avtala eller fastsett i fullmakta. Ein fullmektig kan gi vanlege gåver på vegner av fullmaktsgivar. Andre gåver kan fullmektigen gi berre dersom det er spesifikt skrive i fullmakta.

Verjemålsloven sier at framtidfullmakta trer i kraft når fullmaktsgivar «*på grunn av sinnslidelse, herunder demens, eller alvorlig svekket helbred ikke lenger er i stand til å ivareta interessene sine*» i forhold som er omfatta av framtidfullmakta.

Så lenge fullmaktsgivar er i stand til å forstå betydninga av framtidfullmakta, vil vedkommande normalt kunne ta hand om sine egne interesser sjølv, eventuelt få hjelp gjennom ei vanleg fullmakt. Dersom fullmaktsgivar blir alvorleg fysisk svekt, anten det er i tillegg til anna sjukdom eller det er hans eller hennar hovuddiagnose, kan framtidfullmakta likevel tre i kraft på et tidlegare tidspunkt. Tidspunktet vil da vere avhengig av kor alvorleg og varig tilstanden er.

Dersom du som fullmektig er usikker på om framtidfullmakta har tredd i kraft, kan du kontakte Fylkesmannen for å få rettleiing. Du kan også ta kontakt med fastlege, behandlande lege eller tilsynslege og be om at vedkommande lege vurderer fullmaktsgivars evne til å forstå fullmaktas betydning og/eller tek stilling til om fullmaktsgivars helse er så alvorleg svekt at framtidfullmakta trer i kraft.

## Stadfesting av fullmakta

Ei framtidfullmakt treng ikkje nødvendigvis å bli stadfesta av Fylkesmannen. Så sant framtidfullmakta oppfyller formkrava og fullmaktsgivar var i stand til å forstå betydninga av framtidfullmakta på det tidspunktet då fullmakta vart oppretta, er framtidfullmakta gyldig uavhengig av om Fylkesmannen stadfestar at fullmakta har tredd i kraft. Stadfesting kan likevel gjere det lettare for deg å representere fullmaktsgivar overfor tredjepersonar.

Dersom du skal selje eller overdra eigedom på vegne av fullmaktsgivar, bør du søkje om stadfesting av fullmakta. Kartverket krev nemleg at Fylkesmannen har stadfesta at framtidfullmakta har tredd i kraft, og det kan vere lurt å søkje om stadfesting i god tid før sal eller overdraging. Da unngår du at prosessen stopper opp i påvente av saksbehandlinga hos Fylkesmannen.

Dersom Fylkesmannen stadfestar framtidfullmakta, får du tilsendt ein attest som du kan legge frem når du tek hand om fullmaktsgivars ønske og behov. Fylkesmannen syter for at framtidfullmakta blir tinglyst og registrert i aktuelle register.

## Når kan Fylkesmannen stadfeste ei framtidfullmakt?

Fylkesmannen kan stadfeste ei framtidfullmakt først når ho har tredd i kraft, det vil seie at fullmaktsgivar må vere kommen i ein slik tilstand som er skildra i paragraf 78 i verjemålslova. Først da kan du som fullmektig søkje om at Fylkesmannen stadfestar ei framtidfullmakt.

Tilsvarende gjeld for vedvarande fullmakter, det vil seie ei fullmakt som først skal fungere som ei vanleg fullmakt, for så – om nødvendig – kunne gå over til å fungere som ei framtidfullmakt. [Vergemål.no har meir informasjon om vedvarande fullmakter.](#)

## Kva må fullmektigen gjere for å søkje Fylkesmannen om stadfesting av ei framtidfullmakt?

For at [Fylkesmannen der du bur](#) skal kunne ta stilling til om framtidfullmakta kan stadfestast eller ikkje, må fullmektigen sende inn:

- [Utfylt søknadsskjema](#)
- Framtidfullmakta i original
- Dokumentasjon på at [pårørande til fullmaktsgivar er varsla](#) om innhaldet i framtidfullmakta og at framtidfullmakta har tredd i kraft. Dokumentasjonen skal helst vere signert av dei pårørande og skal sendast inn saman med søknadsskjemaet.
- Legeerklæring som har informasjon om:
  - diagnose/diagnosar som fullmaktsgivar har og som er relevante for at framtidfullmakta skal tre i kraft
  - fullmaktsgivars evne til å ta hand om personlege og økonomiske interesser
  - om det er slik at eventuell manglande evne til å ta hand om egne interesser har samanheng med diagnosen/diagnosane til fullmaktsgivaren
  - legens vurdering av fullmaktsgivars tilstand og evne til å forstå innhaldet i fullmakta

Fylkesmannen ønskjer dessutan at legen sender inn legeerklæring eller journalopplysningar som gir informasjon om fullmaktsgivars evne til forstå betydninga av fullmakta på det tidspunktet då framtidfullmakta vart skriven. Dette er særleg viktig dersom fullmaktsgivar hadde høg alder på det tidspunktet då framtidfullmakta vart skriven, og det går relativt kort tid før fullmakta trer i kraft, eller i tilfelle der fullmaktsgivar hadde ein begynnande kognitiv svikt på tidspunktet då fullmakta vart skriven. Dersom Fylkesmannen ikkje får inn helseopplysningar om fullmaktsgivars evne til å forstå betydninga av fullmakta på tidspunktet då fullmakta vart skriven, må du rekne med at saksbehandlinga tek lengre tid.

[Kontakt oss](#)

[Vergemålslovens kapittel 10, som omhandler fremtidfullmakter](#)